Statsforvaltaren i Vestland

Stad:
Leikanger

Dato:
15.01.2020

Vår ref.(oppgi ved svar):
2019/2989

Dykkar ref.:
Lars Petter Sundal

SAR AS avd. Florø
Postboks 428 Fjordbasen
6901 Florø

Sakshandsamar::
Toril M Mulen

Revidert rapport frå inspeksjon ved SAR AS avd. Florø
Kontrollnummer: 2020.160.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Lars Petter Sundal
Terje Svarstad

Frå Fylkesmannen i Vestland:
Toril M Mulen og Hallvard Hageberg

Frå Kinn brannvesen Florø
Magne Igland og Pål Eielsen

Resultat frå inspeksjonen
Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved SAR AS avd. Florø på Botnastranda den 13. oktober 2020. Rapporten er endra på nokre punkt etter kommentarar frå verksemda på første rapport. Rapporten er no endeleg.

Fylkesmannen i Vestland og Kinn brannvesen avdekka 2 avvik under inspeksjonen. Vi ser alvorleg på det eine avviket knytta til mengde farleg avfall lagra på anlegget.

Avvik:
- Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet
- Internkontrollen har manglar

Avvik er nærare omtalt frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter denne inspeksjonen er nærare omtalt på side 5.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Toril Mulen	Sissel Storebø
seniorrådgjevar	seksjonsleiar

Kopi til: Kinn kommune
Kinn brannvesen

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SAR AS avd. Florø	
Organisasjonsnr.: 972117234	**Eigd av:** 944178228
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320 - Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

Kontrollert eining

Namn: SAR Botnastranda – farleg avfall	**Anleggsnr.:** 4602.0129.01
Kommune: Kinn	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Farlig avfall – mottak, mellomlagring	
Løyve gitt: 13.12.2013	**Sist endra:** 28.06.2018

Kontrollert eining

Namn: SAR Botnastranda – ordinært avfall	**Anleggsnr.:** 4602.0129.02
Kommune: Bergen	**Fylke:** Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall – mottak, mellomlagring og sortering	
Løyve gitt: 13.12.2013	**Sist endra:** 28.06.2018

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og Statsforvaltaren (tidlegare Fylkesmannen) fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48, brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggande arbeid i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart avdekka under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar
Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

SAR AS avd. Florø pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen og Kinn brannvesen skal kunne avslutte saka, ber vi om at SAR AS avd. Florø innan **1. mars 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvika er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Statsforvaltaren i Vestland og Kinn brannvesen. Kvar etat vil etter dette følgje opp avvik etter eige regelverk.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland v/Toril M Mulen og Kinn brannvesen (post@kinn.kommune.no) v/Magne Igland og Pål Eielsen.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 29. september 2020. Verksemder skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må SAR AS avd. Florø betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Statsforvaltaren i Vestland. Statsforvaltaren vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka

vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet

Avvik frå:

- Løyve sist endra 28. juni 2018
    - punkt 1 om produksjonsforhold og rammer (tabell over avfallstypar og mengder som kan lagrast på anlegget)
- Avfallsforskrifta kap. 11
    - vedlegg 4 punkt 1c) om krav til miljørisikovurdering ved lagring av farleg avfall
    - vedlegg 4 punkt 1e) om samlagring
- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering

Kommentar til regelverket:

Løyve punkt 1 Produksjonsforhold og rammer med tabell over farleg avfallstypar og mengder som kan lagrast på anlegget. For lagring av farleg avfall er det vist til krava i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall og vedlegg 4 til dette kapittelet i tillegg til krava i løyvet.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1c) - miljørisikovurdering ved lagring av farleg avfall

All lagring av farleg avfall skal vere basert på vurdering av miljørisiko ved lagringa i tråd med krav i internkontrollforskrifta.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1e) - samlagring

Ulike typar farleg avfall som ved kontakt kan gi fare for brann/eksplosjon og/eller danne farlege stoff skal lagrast med god avstand.

Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering

Verksemda skal kartlegge farer og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Større mengder farleg avfall lagra enn lov, jamfør løyvet

Det var større mengder farleg avfall som stod lagra utandørs på fast dekke. Vi fekk på førespurnad utlevert under kontrollen ei liste over farleg avfall lagra ved SAR Florø Botnastranda sitt anlegg. Lista var datert 7.10.2020.

I følgje løyvet kan verksemda mellomlagre maksimalt 150 tonn farleg avfall i stykkgods ved anlegget. Lista som vart utlevert viste at det var lagra 220 tonn under tilsynet.

Vi viser også til eigenkontrollrapporten vi har mottatt for rapportåret 2019. Eigenkontrollrapporten viser at lagerstatus 31. desember 2019 var over det som er grensa i løyvet. Vi ser alvorleg på at det over lengre tid har vore lagra større mengder farleg avfall på anlegget enn det som er lov, jamfør løyvet. Det er ikkje tillete å overskride grensene i løyvet.

Avvik 2
Internkontrollen har manglar

Avvik frå:
Internkontrollforskrifta
- § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
- § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar

Avfallsforskrifta § 11-5 Forsvarleg oppbevaring mv. av farleg avfall

Kommentar til regelverket:
Risikovurdering– § 5 andre ledd punkt 6
Verksemda skal kartlegge farer og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Verksemder som kan påverke kvarande eller ha ein samla, negativ verknad på områda rundt verksemdene, må vurdere behov for samordning av internkontroll som del av risikovurderinga etter § 5 andre ledd punkt 6.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7
Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte og vere del av internkontrollen. Rutiner skal dokumenterast skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljø- og brannregelverket.

Avviket er basert på følgande observasjonar:
Vurdering av brannsikker lagring:
Risikovurderinga av brannsikker lagring av avfall hadde manglar. RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg samanstiller den mest oppdaterte kunnskapen om brannar i avfallsanlegg, og tilrådingane kan reknast som beste praksis. Når ein skal vurdere om lagringa er brannsikker er det difor RiSE-rapporten ein må vurdere seg opp mot. Mellom anna er avfallsmengder, lagringsareal og lagringshøgd omtalt i kapittel 7.1.3.

Litiumbatteri var lagra innerst i avfallslagerhallen for farleg avfall. Det var ikkje laga ei risikovurdering for om denne plasseringa var optimal for å kunne fjerne batteria raskt ved brann. Ved brann utviklar litiumbatteri sterk varme som kan antenne anna avfall. Kvar ein lagrar høgrisikoavfall er viktig for å redusere sannsyn for branntilløp, og for å redusere konsekvensane ved ein eventuell brann.

Samordning/varsling: Risikovurderinga omfattar punkt knytta til «spredning av brann til nabobygg frå sorteringshallen». Det er sett opp som eit forebyggande og konsekvensreduserande tiltak at ein bør opprette dialog med naboverksemda Vartdal om samhandling. Naboverksemda lagrar avfall eller har andre aktivitetar med brannrisiko. Verksemdene kan påverke kvarandre, og ha ein samla negativ verknad på området rundt dersom det oppstår brann. Dersom brann smittar frå eine sorteringshallen over til naboverksemda, kan konsekvensen av brann auke i omfang. Sløkkevatn frå verksemdene kan renne til sjø, og avfall blir brent opp utan energigjenvinning. Behov for samordning for å redusere brannfaren og miljøkonsekvensane ved brann må derfor inngå i risikovurderinga.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7
Det gjekk ikkje fram av skriftlege rutinar at verksemda skulle ta særskilte omsyn ved handtering av litiumbatteri. Verksemda hadde etablert slike rutinar i praksis, men desse var ikkje dokumentert i dei skriftlege rutinane.

I RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg er litiumbatteri vurdert som avfall med høg brannrisiko, både som sortert EE-fraksjon og som usortert avfall. Anlegg som har slikt avfall skal ha beredskapsrutinar for branntilløp i litiumbatteri. Anlegg som har slikt avfall skal også ha opplæring av tilsette i handtering av batteria og eventuelt utstyr som kan brukast i beredskapen.

7. Merknader
Vi gav ingen merknadar.

8. Andre tilhøve
Større mengder farleg avfall lagra på anlegget
Under kontrollen vart det opplyst at det var 3 langtidssjukemelde av dei tilsette ved anlegget. Vi forstår at dette er ein krevande situasjon som påverkar dagleg drift. Likevel finn vi det naudsynt å påpeike at det er større mengder farleg avfall lagra på anlegget enn det som det er gitt lov til, jamfør løyvet. Vi ser alvorleg på dette avviket sidan eigenkontrollrapporten for 2019 også viser at det er lagra større mengder farleg avfall på anlegget enn lov. Dette viser at tilstanden var slik i 2019 også.

Sløkkevatn vert sett på som akutt forureining
Brann i avfallsanlegg må sjåast på som ein påreknelig risiko der det vil kunne skje utslepp av sløkkevatn/brannskum til miljø. Utslepp av sløkkevatn/brannskum vil bli sett på som akutt forureining jf. F-lov § 7 eller § 38.

9. Dokumentunderlag
Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:
- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff